



Ål kommune

## Saksframlegg

Arkivreferanse: 2021/3979-1

Saksbehandler: Staffan Landsmann-Wiwe

Side 1 av 4

### Saksgang

Saksnr.	Utval	Møtedato
29/21	Næringsstyret	21.05.2021
35/21	Formannskapet	07.06.2021
40/21	Kommunestyret	17.06.2021

### Næringsfond - Sats på Hallingdal - Regional omstilling

#### Rådmannen si innstilling

##### Alternativ 1:

Næringsstyret innstiller til kommunestyret at midlane på kr 200 000,- til Sats på Hallingdal (Regional omstilling) i 2021 og 2022 blir finansiert frå tilskotsdelen til næringsfond 2021 prosjektnr 903, kontostreng: 14700-6020-3252-903.  
For 2023 må det innarbeidast i budsjett.

##### Alternativ 2:

Næringsstyret innstiller til kommunestyret at midlane på kr 100 000,- til Sats på Hallingdal (Regional omstilling) i 2021 blir finansiert frå Næringsfondet.  
Deretter må det innarbeidast i budsjett.

#### Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

#### Vedlegg

- 1 Saka til Regionrådet - omstillingssak
- 2 Vedtak i Næringsstyret 21.05.2021, Sak 29\_21, Næringsfond - Sats på Hallingdal - Regional omstilling + Formannskapet si innstilling

#### Dokument i saka:

Saka til Regionrådet – omstillingssak

Vedtak i Næringsstyret 21.05.21, sak 29/21

#### Saksopplysningar:

Frå saka frå Regionrådet:

«I 2020 hadde Viken fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal, drøftingar om det kunne vera aktuelt for kommunar i Hallingdal eller Hallingdal som region å vurdere programmet «regional omstilling». Saka var oppe i Hallingtinget 19. juni 2020 og i sak 03/20 Sats på Hallingdal (regional omstilling) vart det fatta slikt vedtak:

*«Hallingtinget vurderer «Sats på Hallingdal» som eit svært relevant program for Hallingdal som region. Med bakgrunn i drøfting i Hallingtinget ber Hallingtinget Regionrådet for Hallingdal i nær dialog med Viken fylkeskommune om å arbeide vidare med søknad».*

Etter dette vart det søkt, med positiv innstilling frå Viken, men med avslag frå KMD. Den 25. mars 2021 vedtok Fylkesrådet i Viken at Hallingdal og Gardermoregionen skulle få omstillingsstatus. Det å få omstillingsstatus, betyr at det blir sett inn ein ekstraordinær innsats i ein region der det lokale næringslivet forvitrar eller forsvinn, og mange arbeidsplassar går tapt.

Programmet regional omstilling ei statleg ordning underlagt KMD. Det er vanlegvis KMD som finansierar ordninga, fylkeskommunen som er oppdragsgjevar og Innovasjon Norge som er rådgjevar og kvalitetssikrar. I vårt tilfelle er det Fylkeskommunen åleine som finansierar, medan det er søkt midlar frå KMD, som kan koma i tillegg.

Kva betyr omstillingsstatus i praksis

- Hallingdal får omstillingsstatus for dei neste tre åra.
- Det blir rigga eit omstillingsprosjekt og ein omstillingsorganisasjon i regionen.
- Fylkeskommunen sett av 2 mill. pr. år i 3 år til gjennomføring av omstillingsprosjektet i Hallingdal
- Viken gjev innspel til KMD for statsbudsjettet 2022 – dette kan gi vesentleg styrking
- I Hallingdal heiter omstillingsprosjektet «Sats på Hallingdal»
- Målet for omstillingsarbeidet er:
  - Skape nye og sikre eksisterende arbeidsplassar
  - Auke konkurransekraft i eksisterande og nye bedrifter
  - Auke utviklingsevna i næringslivet og kommunen

Kva krav blir sett til Hallingdal

- Hallingdal får ansvar for og overtek «eigarskapet» til prosjektet frå no. Fylkeskommunen og Innovasjon Norge er støtte og prosesshjelparar.
- Det blir forventa at kommunane i omstillingsprosjektet stiller med ein eigeninnsats på ca 25% eller kr 100 000 pr kommune pr. år i form av midlar inn i prosjektet.
- Hallingdal må rigge ein prosjektorganisasjon og eit eige omstillingsstyre. Me kan gå ut ifrå at prosjektet kan finansiere ein eigen prosjektleiar, som må rekrutterast i samråd med Viken og IN.
- Fylkeskommunen, Innovasjon Norge og evt KMD forventar at prosjektet har høg prioritet i dei seks kommunane og næringslivet i regionen.
- Rolla til regionrådet må avklarast.

Omstillingsarbeidet blir delt i fire faser:

1. Avklaringsfase Konsekvensanalyse.
2. Strategi- og forankringsfase Planer og søknad. (det er her me er no)
3. Gjennomføringsfase Verktøy og tiltak.
4. Avslutningsfase Evaluering og vidareføring.

**Avklaringsfasa** blir sett på som gjennomført av Viken og IN.

**I strategi- og forankringsfasa** er det Hallingdal med støtte frå IN som har gjennomføringsansvaret. Resultatet av denne fasa skal vere forslag til omstillingsplan med innsatsområde, organisering og finansiering, samt kommunikasjonsplan. Det skal og utarbeidast søknad til fylkeskommunen om omstillingsmidlar til gjennomføringsfasa.

**Gjennomføringsfasa** Utarbeiding og realisering av årlege omstillingsplanar og handlingsplanar med mål og innsatsområde. Kvart innsatsområde har ein eller fleire strategiar. Det skal avsettast ressursar for innsatsområda og ein skal identifisera og utvikla gode prosjekt.

**Avslutningsfasa – Evaluering og vidareføring»****Forhold til overordna plan:**

Ingen

**Miljøkonsekvenser:**

Ikkje vurdert

**Helse-/miljø og beredskapstilhøve:**

Ikkje vurdert

**Økonomiske konsekvensar:**

Ål kommune sin kostnad er kr 100 000,- per år over 3 år, totalt kr 300 000,-

Tilskotsdelen til næringsfondet er på kr 987 000,- Viss prosjektet blir støtta herifra i 2021 reduserast beløpet tilsvarande.

**Vurdering:**

Frå saka:

«Vurdering

Grunnlaget for at Hallingdal som region eller kommunane i Hallingdal har søkt om regional omstilling, har to hovudtilnærmingar:

1. Utvikle eit meir variert og robust næringsliv.
2. Koronasituasjonen som ein ekstraordinær situasjon, der Hallingdal er eit av områda i Noreg der næringslivet er hardast råka.

Regionar som er einsidig spesialisert i ein eller få næringar, er generelt meir sårbare for endringar i rammevilkår og ytre «sjokk» enn regionar med meir allsidig næringsstruktur. I ulike rapportar er det peika på at Hallingdal har ein noko einsidig næringsstruktur som gjer regionen sårbar. Dette har vorte aktualisert det siste året, med full nedstenging i den viktigaste perioden for store delar av reiselivet. Det er for tidleg å seie noko om dei langsiktige konsekvensane for næringslivet i Hallingdal, men det kan ikkje vera tvil om at sysselsettinga i ei av hovudnæringane i Hallingdal vil kunne oppleve reduksjonar og store endringar i åra som kjem.

Hallingdal har med sin omstillingsstatus fått ein moglegheit til å ta gode og konstruktive grep. «Sats på Hallingdal» skal ikkje bygge ned næringar som i høgste grad har livets rett og som er berebjelkar for Hallingdal, men me ønskjer likevel å:

- Skapa nye og sikre eksisterande arbeidsplassar
- Auke konkurransekraft i eksisterande og nye bedrifter
- Auke utviklingsevna i næringslivet og kommunen

For å lukkast må næringa vera sterkt delaktige. Det vil vera kommunane og næringslivet sjølv som definerer mykje av arbeidet, og med det bruk av midlar. Det har tidlegare vore drøfta om eit eventuelt program skal omhandle nokre kommunar eller heile Hallingdal. No er det Hallingdal som har fått midlar, og då er det naturleg at omstillingsområde omfattar alle kommunar i Hallingdal. Andre argument som underbygger dette er:

- Hallingdal er ein tydeleg bu- og arbeidsmarknadsregion, der næringslivet direkte og indirekte er sterkt avhengige av kvarandre
- Reiselivsnæringa i Hallingdal har sett i gang prosessar for å bli definert som ein berekraftig reiselivsregion
- Kommunane i Hallingdal har ganske likt utfordringsbilete og tett samarbeid frå før

Dagleg leiar i regionrådet vil tilrå til at alle kommunar deltek og at næringa deltek aktivt. «Sats på Hallingdal» er allereie innarbeid i partnerskapsavtala med Viken og i Strategisk plan. Derfor er det naturleg at Regionrådet tek eigarskap i prosjektet.

Økonomien i regionale omstillingsprosjekt brukar ofte vera ei deling del kommunane går inn med halvparten og KMD med halvparten. I vårt tilfelle er det forslag om at kommunane dekker kr. 100 000 kvar (litt over 25%) og Viken resten. Så vil statsbudsjettet vise om det kan koma større løyvingar frå KMD.»

Prosjektmidlar frå Viken fylkeskommune gjeld 2021, men det er lovet midlar i 3 år. Planen er at prosjektet skal være 3-årig. Rådmann meiner det er overveiende sannsynlig at prosjektet blir finansiert og skal løpe i heile perioden. Difor er det foreslått ein 3-årig finansieringsplan.

Rådmann meiner at eit slik prosjekt er spennande for Ål og for Hallingdal. Det er unikt at fylket og andre aktørar går så tungt inn i utviklingen (omstillingen) av en region. Isolert sett har ikke Ål vore hardest råka av pandemien så langt, men likevel bør Ål være del av ei slik satsing i Hallingdal. Dette vil styrke regionen og næringslivet i heile Hallingdal.

Rådmann innstiller til to alternative til næringsstyret.

Alternativ 1 foreslår at tilskotsdelen til næringsfondet finansierer prosjektet i 2021 og 2022. Dette med bakgrunn i at det er ført ein god del midlar tilbake til tilskotsdelen til næringsfondet frå eldre avslutta prosjekter i 2021, totalt 231 000,-

Alternativ 2 foreslår å finansiere prosjektet i 2021 frå Næringsfond og etterpå må det innarbeids i budsjettet.

Underskrift

Karsten Dideriksen  
rådmann

Reidun Aaker  
kommunalsjef drift og utvikling

## Saksprotokoll

### Næringsfond - Sats på Hallingdal

---

Arkivsak-dok. 21/00967  
Saksbehandler Staffan Landsmann-Wiwe

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Næringsstyret	21.05.2021	29/21
2 Formannskapet		
3 Kommunestyret		

---

#### Rådmannen si innstilling:

##### Alternativ 1:

Næringsstyret innstiller til kommunestyret at midlane på kr 200 000,- til Sats på Hallingdal (Regional omstilling) i 2021 og 2022 blir finansiert frå tilskotsdelen til næringsfond 2021 prosjektnr 903, kontostreng: 14700-6020-3252-903.

For 2023 må det innarbeidast i budsjett.

##### Alternativ 2:

Næringsstyret innstiller til kommunestyret at midlane på kr 100 000,- til Sats på Hallingdal (Regional omstilling) i 2021 blir finansiert frå Næringsfondet.

Deretter må det innarbeidast i budsjett.

#### Næringsstyret har behandla saka i møte 21.05.2021 sak 29/21

#### Behandling

Solveig Vestenfor stilte spørsmål til eigen habilitet då ho er Regionrådsleiar og bestiller av søknaden. Næringsstyret meinte ikkje at Solveig Vestenfor var inhabil, grunngjeve i at politiske verv ikkje gir personlig vinning.

#### Votering

Næringsstyret vorte samrøystes til rådmannens alternativ to.

#### Vedtak

Næringsstyret innstiller til kommunestyret at midlane på kr 100 000,- til Sats på Hallingdal (Regional omstilling) i 2021 blir finansiert frå Næringsfondet.

Deretter må det innarbeidast i budsjett.

**Saksprotokoll**  
**Sak 35/21 i Formannskapet**

**Næringsfond – Sats på Hallingdal – Regional omstilling**

**Formannskapet har behandla sak 35/2021 i møte den 07.06.2021**

**Behandling**

Framlegg til vedtak:

Ål kommunestyre løyver kr 100 000,- til Sats på Hallingdal (Regional omstilling) finansiert frå Næringsfondet i 2021.

Deretter må det innarbeidast i budsjett.

**Votering**

Framlegget til vedtak vart samrøystes tilrådd.

**Formannskapet si innstilling:**

**Ål kommunestyre løyver kr 100 000,- til Sats på Hallingdal (Regional omstilling) finansiert frå Næringsfondet i 2021.**

**Deretter må det innarbeidast i budsjett.**

## Sak xx/21 Sats på Hallingdal – Regional omstilling

### Bakgrunn:

I 2020 hadde Viken fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal, drøftingar om det kunne vera aktuelt for kommunar i Hallingdal eller Hallingdal som region å vurdere programmet «regional omstilling». Saka var oppe i Hallingtinget 19. juni 2020 og i sak 03/20 Sats på Hallingdal (regional omstilling) vart det fatta slikt vedtak:

*«Hallingtinget vurderer «Sats på Hallingdal» som eit svært relevant program for Hallingdal som region. Med bakgrunn i drøfting i Hallingtinget ber Hallingtinget Regionrådet for Hallingdal i nær dialog med Viken fylkeskommune om å arbeide vidare med søknad».*

Etter dette vart det søkt, med positiv innstilling frå Viken, men med avslag frå KMD.

Den 25. mars 2021 vedtok Fylkesrådet i Viken at Hallingdal og Gardermoregionen skulle få omstillingsstatus. Det å få omstillingsstatus, betyr at det blir sett inn ein ekstraordinær innsats i ein region der det lokale næringslivet forvirrar eller forsvinn, og mange arbeidsplassar går tapt.

Programmet regional omstilling ei statleg ordning underlagt KMD. Det er vanlegvis KMD som finansierer ordninga, fylkeskommunen som er oppdragsgjevar og Innovasjon Norge som er rådgjevar og kvalitetssikrar. I vårt tilfelle er det Fylkeskommunen åleine som finansierer, medan det er søkt midlar frå KMD, som kan koma i tillegg.

Kva betyr omstillingsstatus i praksis

- Hallingdal får omstillingsstatus for de neste tre årene.
- Det blir rigga eit omstillingsprosjekt og ein omstillingsorganisasjon i regionen.
- Fylkeskommune sett av 2 mill. pr. år i 3 år til gjennomføring av omstillingsprosjektet i Hallingdal
- Viken gjev innspel til KMD for statsbudsjettet 2022 – dette kan gi vesentleg styrking
- I Hallingdal heiter omstillingsprosjektet «Sats på Hallingdal»
- Målet for omstillingsarbeidet er:
  - Skape nye og sikre eksisterende arbeidsplasser
  - Øke konkurransekraft i eksisterende og nye bedrifter
  - Øke utviklingsevnen i næringslivet og kommunen

Kva krav blir sett til Hallingdal

- Hallingdal får ansvar for og overtar «eigarskapet» til prosjektet frå no. Fylkeskommunen og Innovasjon Norge er støtte og prosesshjelparar.
- Det blir forventa at kommunane i omstillingsprosjektet stiller med ein eigeninnsats på ca 25% eller kr 100 000 pr kommune pr. år i form av midler inn i prosjektet.
- Hallingdal må rigge ein prosjektorganisasjon og eit eige omstillingsstyre. Me kan gå ut ifrå at prosjektet kan finansiere ein eigen prosjektleder, som må rekrutterast i samråd med Viken og IN.
- Fylkeskommunen, Innovasjon Norge og evt KMD forventar at prosjektet har høg prioritet i de seks kommunane, og næringslivet i regionen.
- Rolla til regionrådet må avklarast.

Omstillingsarbeidet blir delt i fire fasar:

1. Avklaringsfasen Konsekvensanalyse.
2. Strategi- og forankringsfasen Planer og søknad. (det er her me er no)
3. Gjennomføringsfasen Verktøy og tiltak.
4. Avslutningsfasen Evaluering og vidareføring.

**Avklaringsfasen** blir sett på som gjennomført av Viken og IN.

I **strategi- og forankringsfasen** er det Hallingdal med støtte frå IN som har gjennomføringsansvaret. Resultatet av denne fasen skal være forslag til omstillingsplan med innsatsområder, organisering og finansiering, samt kommunikasjonsplan. Det skal også utarbeides søknad til fylkeskommunen om omstillingsmidler til gjennomføringsfasen.

**Gjennomføringsfasen** Utarbeiding og realisering av årlege omstillingsplanar og handlingsplanar med mål og innsatsområder. Kwart innsatsområde har ein eller fleire strategiar. Det skal avsettast ressursar for innsatsområda og ein skal identifisera og utvikla gode prosjekt.

**Avslutningsfasen** – Evaluering og vidareføring

### Vurdering

Grunnlaget for at Hallingdal som region eller kommunane i Hallingdal har søkt om regional omstilling, har to hovudtilnærmingar:

1. Utvikle eit meir variert og robust næringsliv.
2. Koronasituasjonen som ein ekstraordinær situasjon, der Hallingdal eit av områda i Noreg der næringslivet er hardast råka.

Regionar som er einsidig spesialisert i ein eller få næringar, er generelt meir sårbare for endringar i rammevilkår og ytre «sjokk» enn regionar med meir allsidig næringsstruktur. I ulike rapportar er det peika på at Hallingdal har ein noko einsidig næringsstruktur som gjer regionen sårbar. Dette har vorte aktualisert det siste året, med full nedstenging i den viktigaste perioden for store delar av reiselivet. Det er for tidleg å seie noko om dei langsiktige konsekvensane for næringslivet i Hallingdal, men det kan ikkje vera tvil om at sysselsettinga i ei av hovudnæringane i Hallingdal vil kunne oppleve reduksjonar og store endringar i åra som kjem.

Hallingdal har med sin omstillingsstatus fått ein mogelegheit til å ta gode og konstruktive grep. «Sats på Hallingdal» skal ikkje bygge ned næringar som i høgste grad har livets rett og som er bærebjelkar for Hallingdal, men me ønskjer likevel å:

- Skapa nye og sikre eksisterande arbeidsplassar
- Auke konkurransekraft i eksisterande og nye bedrifter
- Auke utviklingsevna i næringslivet og kommunen ‘

For å lykkast må næringa vera sterkt delaktige. Det vil vera kommunane og næringslivet sjølv som definerer mykje av arbeidet, og med det bruk av midlar. Det har tidlegare vore drøfta om eit eventuelt program skal omhandle nokre kommunar eller heile Hallingdal. No er det Hallingdal som har fått midlar, og då er det naturleg at omstillingsområde omfattar alle kommunar i Hallingdal.

Andre argument som underbygger dette er:

- Hallingdal er ein tydeleg bu- og arbeidsmarknadsregion, der næringslivet direkte og indirekte er sterkt avhengig av kvarandre
- Reiselivsnæringa i Hallingdal har sett i gang prosessar for å bli definert som ein berekraftig reiselivsregion
- Kommunane i Hallingdal har ganske likt utfordringsbilete og tett samarbeid frå før

Dagleg leiar i regionrådet vil tilrå til at alle kommunar deltek og at næringa deltek aktivt. «Sats på Hallingdal» er allereie innarbeid i partnerskapsavtala med Viken og i Strategisk plan. Derfor er det naturleg at Regionrådet tek eigarskap i prosjektet.

Økonomien i regionale omstillingsprosjekt brukar ofte vera ei deling del kommunane går inn med halvparten og KMD med halvparten. I vårt tilfelle er det forslag om at kommunane dekker kr. 100 000



kvar (litt over 25%) og Viken reisten. Så vil statsbudsjettet vise om det kan koma større løyvingar frå KMD

**Forslag til vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek at xx kommune blir med omstillingsprosjekt «Sats på Hallingdal» i samarbeid med Innovasjon Norge og Viken Fylkeskommune.
2. Regionrådet får fullmakt til å ivareta rolla som prosjekteigar, velge leiar og medlemmer til styringsgruppa, godkjenne mandat, samt rammer og framdrift for prosjektet. Det er ein føresetnad at alle kommunar og næringslivet er godt representerte i prosjektorganisasjonen og at det blir rapportert attende til kommunane minst to gonger i året
3. xx kommune løyver kr 100.000 pr. år i 3 år til dekning av kommunens eigeninnsats i prosjektet. Beløpet blir dekkja frå dispfond/næringsfond fyrste året. Deretter blir det innarbeid i budsjett.